



Besl. O. nr. 33

(2008–2009)

Odelstingsbeslutning nr. 33

Jf. Innst. O. nr. 1 (2008–2009) og Ot.prp. nr. 1 (2008–2009)

År 2008 den 2. desember holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

vedtak til lov

om tillegg til lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane

I

For skatteåret 2009 skal eigedomsskatten på anlegg som nemnd i skatteloven § 18-5 første leden reknast ut etter verdet (taksten) som vert sett ved likninga året før skatteåret, med følgjande korrigering:

Ved utskrivinga skal verdet endrast såleis at rentesatsen etter skatteloven § 18-5 niande ledens andre punktum skal vere gjennomsnittet av renta på statskassevekslar med 12 månaders gjenståande løpetid, rekna på grunnlag av inntektsåret og dei to førra inntektsåra pluss 3 prosentpoeng, korrigert for gjennomsnittet av årleg inflasjon for dei same tre inntektsåra,

målt etter endringa i den gjennomsnittlege konsumprisindeksen fra året før.

Renta etter den føregåande ledens skal avrundast til nærmeste tidels prosentpoeng. Gjennomsnittet av renta over tre år på statskassevekslar med 12 månaders gjenstående løpetid og gjennomsnittet over tre år av årleg inflasjon skal avrundast til nærmeste hundredels prosentpoeng.

II

Reglane under I tek til å gjelde straks, og får verknad for skatteåret 2009. Lova fell bort 1. januar 2010 med verknad frå og med skatteåret 2010.

Berit Brørby

president

Asmund Kristoffersen

sekretær

